



# HAREID KOMMUNE

## Innkalling

---

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	17.02.2021
<b>Tid:</b>	Kl. 12:00

---

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller [politikk@hareid.kommune.no](mailto:politikk@hareid.kommune.no), som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på [www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no).

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
08/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/216
09/21	Godkjenning av protokoll	21/216
10/21	Orienteringar og spørsmål	21/216
11/21	Referatsaker	21/216
12/21	Finansiering av breibandsdekning - ny handsaming	19/895
13/21	Gebyr for fyringsanlegg - Hareid kommune 2021	21/203
14/21	Innkjøp av nye valavlukke og urner (investering)	20/1702
15/21	KS Debattheft 2021	21/256
16/21	Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF	20/2661
17/21	Bruk av ekstraordinære midlar til kommunar med særskilt høg arbeidsløyse - ny handsaming	21/109
18/21	Arbeidsruta – individuell jobbstøtte (IPS)	21/139
19/21	Salsløyve av alkoholhaldig drikk gruppe 1 - Coop Nordvest SA	20/3119
20/21	Flytting av ansvar for barnevern og Nav internt i kommunen	21/253
21/21	Konsekvensutgreiing av vedtak i kommunestyret 10.12.20 - Omgjering av 16 plassar frå institusjon til bukollektiv og reduksjon av 8 plassar på institusjon	21/74
22/21	Permisjon frå folkevalde verv Ann-Christin Bonde Helliksen Unnateke offeentlegheit offentlegheitslova §13 1. ledd	21/152

Hareid, 11.02.2021

Bernt Brandal  
ordførar



Vår referanse: 21/216 21/1668

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 11.02.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
08/21	Formannskapet	17.02.2021

## Godkjenning av innkalling og sakliste



**Vår referanse:** 21/216 21/1165  
**Saksbehandlar:** Anne - Karete Mork  
**Dato:** 28.01.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
09/21	Formannskapet	17.02.2021

## Godkjenning av protokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 18.01.2021



Vår referanse: 21/216 21/1669

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 11.02.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/21	Formannskapet	17.02.2021

## Orienteringar og spørsmål



Vår referanse: 21/216 21/1670

Saksbehandlar: Erlend Friestad

Dato: 11.02.2021

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/21	Formannskapet	17.02.2021

## Referatsaker



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
12/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Finansiering av breibandsdekning - ny handsaming

#### Samandrag:

Hareid kommune fekk i 2019 Nkom-midlar for utbygging av breiband områda Alme / Almestranda, Snipsøyrdaalen indre, Ulset og Hjørungneset. Kommunen har frist til hausten 2021 for å fullføre utbygginga, dersom Nkom-midlane skal kunne nyttast. Denne saka skal tene som grunnlag for avgjerd om kor vidt kommunen skal bidra til den naudsynte kommunale eigendelen av finansieringa og eventuelt om korleis denne skal finansierast. Saka har vore oppe tidlegare, i november 2020, men vart sendt attende til administrasjonen med vedtak om ny utgreiing / tilråding. Saka vert no lagt fram på nytt.

#### Kommunedirektøren si primære tilråding:

#### Leige av kapasitet i fibernett for husstandar på Almestranda, samt anleggsbidrag for utbygging av breiband.

Kommunestyret ber kommunedirektøren utferde avtale med Tussa IKT AS om utbygging av breiband i områda Hjørungneset, Ulset, Snipsøyrvatnet, Alme, Almestranda.

Avtalen skal leggst fram for formannskapet for godkjenning..

Avtalen skal sikre dekning i dei nemnte områda, med ein kapasitet på minst 100Mbit/s.

Avtalen skal vidare sikre ein 20-årig leigeavtale for kapasitet i fibernettet, avgrensa til fiberkabelen / transportnettet, som skal førast langs Almestranda. For dette skal Hareid kommune betale kr 2 722 042 pluss eventuell MVA. Beløpet skal ikkje lånefinansierast og skal forskotsbetalast i sin heilskap når anlegget er ferdigstilt. Leigesummen skal kostnadsførast i driftsrekneskapen med ein brøk på 1/20 kvart år i 20 år, første gong i same rekneskapsåret som anlegget er ferdigstilt. Då kommunen ikkje skal nytte fiberkabelen sjølv, men stille den til disposisjon til innbyggjarane gir denne kostnaden heller ingen rett til momsfrådrag/momskompensasjon.

Samstundes skal den eksisterande løyvinga i investeringsbudsjettet på kr 4 000 000 inkl MVA, til utbygging av breibandsdekning, gjerast om inkje og dei sparte

kapitalkostnadane i samband med dette, skal nyttast til finansiering av den årlege kostnadsføringa av forskotsleige.

For dei andre geografiske områda nemnt ovanfor, skal Hareid kommune betale eit eingongs anleggsbidrag på kr 434 134 pluss eventuell MVA, til utbygginga av transportnettet for fiberkabel. Nemnte beløp skal kostnadsførast i 2021 og finansierast med eit tilsvarande eingongs kutt i driftsramma for 2021 for ansvar 6500 – Samfunnskontoret.

Kommunestyret tar kommunedirektøren sine merknader og atterhald om godkjenning av rekneskapsføringa i samband med dette alternativet, til vitande.

### **Kommunedirektøren si sekundære tilråding:**

#### **Kjøp av bruksrett for kommunen sitt eige bruk samt anleggsbidrag for utbygging av breiband.**

Kommunestyret ber kommunedirektøren utferde avtale med Tussa IKT AS om utbygging av breiband i områda Hjørungneset, Ulset, Snipsøyrvatnet, Alme, Almestranda.

Avtalen skal leggest fram for formannskapet for godkjenning..

Avtalen skal sikre dekning i dei nemnte områda, med ein kapasitet på minst 100Mbit/s.

Avtalen skal vidare sikre ein 20-årig bruksrett for den delen av transportnettet / fiberkabelen, som skal førast langs Almestranda. Dette for å sikre kommunen sitt eige behov i samband med kjøp og etablering av kommunalt anlegg. Hareid kommune skal betale kr 2 722 042 pluss eventuell MVA til Tussa IKT AS, for nemnte bruksrett. Beløpet skal ikkje lånefinansierast og skal forskotsbetalast i sin heilskap når anlegget er ferdigstilt. Bruksretten skal førast i balansen i kommunerekneskapen – vurdert som immatriell eigendel og avskrivast over 20 år med ein brøk på 1/20 kvart år. Tussa IKT AS skal sjølv disponere den resterande kapasiteten av transportnettet. Eventuell MVA kjem til frådrag dersom kommunen nyttar bruksretten til eige bruk. I motsett fall, dersom bruksretten vert stilt til disposisjon for andre, vert det ingen frådragsrett for MVA og heller ingen immatriell eigendel som kan balanseførast og avskrivast.

For dei andre geografiske områda nemnt ovanfor, skal Hareid kommune betale eit eingongs anleggsbidrag på kr 434 134 pluss eventuell MVA, til utbygginga av transportnettet for fiberkabel. Nemnte beløp skal kostnadsførast i 2021 og finansierast med eit tilsvarande eingongs kutt i driftsramma for 2021 for ansvar 6500 – Samfunnskontoret.

Kommunestyret tar kommunedirektøren sine merknader og atterhald om godkjenning av rekneskapsføringa i samband med dette alternativet, til vitande.

Kommunestyret gjer den eksisterande løyvinga i investeringsbudsjettet på kr 4 000 000 inkl MVA, til utbygging av breibandsdekning om inkje.

### Saksopplysningar:

Denne saka har vore oppe tidlegare, i november 2020, men vart sendt attende til administrasjonen med fylgjande vedtak i formannskapet:

#### *FSK- 182/20 Vedtak:*

*Hareid formannskap sender saka tilbake til administrasjonen slik at saka, med ny tilråding/utgreiing, kan kome opp i ekstra formannskapmøtet 10. desember.*

Av ulike årsaker, mellom anna noko låg presisjonsgrad i formannskapet sitt vedtak, var det ikkje muleg å førebu saka i tide til møte i formannskapet den 10. desember. I mellomtida har kommunestyret gjort budsjettvedtak om finansiering av breibandutbygginga i investeringsbudsjettet.

Lite har endra seg, sidan saka var oppe i november 2020, og dei faktiske tilhøva og samanhengane kring den aktuelle utbygginga kan heller ikkje endrast, utan at det vert eit heilt nytt prosjekt og såleis stå i fare for å miste Nkom-midlane. For meir utfyllande skildring av breibandsprosjektet sin historikk syner ein i hovudsak til saksopplysningane frå FSK PS 182/20, medan ein i denne saka fokuserer mest på korleis ein best muleg skal sikre ei tenleg finansiering av Hareid kommune sin del av finansieringa.

Finansiering av utbyggingar i geografiske område som ikkje er vurderte som kommersielt bærekraftige, kan i gitte tilfelle gjerast som eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune, utbyggar og naturlegvis også dei potensielle abonnentane. Hareid kommune fekk, som kjent tilsegn om litt over 1,4 millionar kroner etter søknad om Nkom – midlar i 2019. Tilskotet var øyremerkte utbygging av breiband i områda Almestranda, store delar av Snipsøyrdalen, Ulset, Hjørungdal og Hjørungneset. Det hastar no å nytte desse midlane, dersom ein ynskjer å ta dei i bruk. Ei foreslegen fordeling av kostnader for det prosjektet vi fekk tilsegn om Nkom-midlar til er som følgjer:

Komplett prosjekt – finansiert over driftsbudsjettet 2021	
Kostnad ex. mva	6 398 000
Offentleg støtte M & R fylke	1 406 824
B1 Hareid kommune	3 156 176
Eigenandel Tussa ex. MVA	1 620 000
Eigenandel 54 husstandar ex. MVA	215 000
Sum finansiering	6 398 000

Framlegget bygger på ei oppsett, som er utarbeidd av Tussa IKT AS. Ifølgje eit slikt oppsett må Hareid kommune betale eit eingongs driftstilskot på kr 3 156 176 ekskl. MVA til utbyggaren av prosjektet ( i dette høvet Tussa), dersom utbygginga skal kunne realiserast. Heile tilskotet må førast over driftsbudsjettet og kostnadsførast same år som utbetalinga skjer. Eventuell MVA vert ikkje kompensert sidan kommunen i eit slikt høve ikkje skal nytte fiberkabelen sjølv, men stille den til disposisjon for innbyggjarar. Summen kommunen må ut med, etter dette oppsettet, vert såleis kr 3 945 220.

Alternativt kan ein tenke seg å kjøpe / leige ein bruksrett for delar av, eller heile, utbyggingsområdet og på visse vilkår kunne etablere ei alternativ finansiering, som kan verte mindre krevjande for driftssituasjonen for kommunen. Eit alternativ som har vore diskutert med Tussa IKT AS er om kommunen kan kjøpe / leige ein 20-

årig bruksrett for transportnettet for fiber langs Almestranda, medan kommunen bidreg med eit eingongs anleggsbidrag for resten av utbygginga. Dette opnar i så fall for eit par alternative måtar å tenke finansieringa på.

Alternativ 1: Kommunen har eit eige behov for breibandskapasitet og kjøper ein bruksrett for naudsynt kapasitet i Tussa sin fiberkabel langs Almestranda. Tussa sjølv disponerer kapasiteten i fiberkabelen elles.

- Dette alternativet kan verte aktuelt sidan kommunestyret har vedteke at det skal etablerast ein base / beredskapshamn for hamnestellet sin arbeidsbåt, på Almestranda. Det er i samheng med dette, ikkje minst av beredskaps- og tryggleiksmessige årsaker, sterkt ynskjeleg at det opprettast servertilgang og kameraovervaking av fasilitetane. Dette er ikkje muleg utan stabil breibandsdekning og kommunen kan best sikre sitt eige behov, ved kjøp av bruksrett. Tussa har gitt tilbod om kjøp av nemnte bruksrett for ein sum av kr 2 722 042 eks. MVA. Slik bruksrett kan førast som immatriell eigendel i balansen og skrivast av over 20 år. Driftsrekneskapa i desse åra vert ikkje belasta den årlege avskrivninga. Det vert heller ikkje årlege kapitalkostnader å føre i driftsrekneskapan på grunn av dette kjøpet, då kjøpet ikkje kan lånefinansierast. Heile beløpet må difor forskotterast av kommunen sin likviditet. For resten av breibandsutbygginga (dei øvrige områda) skal kommunen betale eit eingongs anleggsbidrag. Dette vert ein driftskostnad, som må kostnadsførast i det året dette beløpet forfell til betaling, ifølgje eventuell framtidig avtale med Tussa. Og eventuell MVA vert ikkje kompensert for denne delen av finansieringa, då dette ikkje er til kommunen sitt eige bruk. Det må understrekast at alternativet føreset at kommunen opprettheld nemnte behov / base i heile 20-årsperioden og at det må takast atterhald om at ein eventuell avtale basert på dette alternativet, tilfredsstillar krava i den kommunale rekneskapsstandard. I motsett fall kan dette bli sett på som ein driftskostnad.

Alternativ 2: Kommunen ser det som ynskjeleg at husstandane langs Almestranda får tilbod om breibandsdekning og gjer avtale med Tussa IKT AS om ein 20-årig leigeavtale for naudsynt kapasitet i breibandskabelen langs Almestranda. Kommunen skal med dette bidra til å tilby breibandsdekning til husstandane langs Almestranda. Kommunen sitt eige behov for kapasitet i breibandsnettet, løysast då på annan måte, eller fell bort.

- Sidan kommunen ifølgje dette alternativet ikkje dekker eige behov for breibandskapasitet, må dette i sin heilskap sjåast på som ei driftsutgift. Ein kan likevel vurdere om kostnadane med leigeavtalen kan periodiserast i driftsrekneskapan over 20 år, slik at ein får fordelt dei økonomiske verknadane med ein brøk på 1/20 kvart år i 20 år. Eventuell MVA vert ikkje kompensert, beløpet må forskotterast og kan ikkje lånefinansierast. For resten av breibandsutbygginga (dei øvrige områda) skal kommunen betale eit eingongs anleggsbidrag. Dette vert, på same måte som etter alternativ 1, ein driftskostnad, som må kostnadsførast i sin heilskap i det året dette beløpet forfell til betaling, Og eventuell MVA vert ikkje kompensert for denne delen av finansieringa heller, då dette ikkje er til kommunen sitt eige bruk. Det må understrekast at dette alternativet føreset at kommunen sine argument om periodisering, tilfredsstillar krava i den kommunale rekneskapsstandard. I motsett fall kan dette bli sett på som ein driftskostnad, som må rekneskapsførast same år som den vert betalt.

Tussa IKT AS har skissert at kjøp av bruksrett / leigeavtale vil måtte kompensast

med kr 2 722 042 pluss eventuell MVA, uansett om kommunen ynskjer å nytte alternativ 1 eller alternativ 2.

For resten av utbygginga, i dei andre geografiske områda, må Hareid kommune yte eit eingongs driftstilskot på kr 434 134 pluss eventuell MVA, uansett kva alternativ kommunen ynskjer å nytte.

### **Vurdering og konklusjon**

Verdien og nytten av full breibandsdekning i kommunen er til dels openbar og er også omtala i FSK PS 182/20. Etterspurnaden etter breibandstenester er og til stades i dei områda som ikkje har fått breibandsdekning. Vidare er dei geografiske tilhøva og busetnaden i områda omtala. Og ikkje minst er det og synleggjort kvifor og korleis kommunen har behov for ein bruksrett til fiberstrekket utover Almestranda, for å sikre. Ein vel difor å syne til det som allereie er sagt i saksutgreiinga i FSK PS 182/20, for den interesserte lesar som ynskjer å vite meir om dette.

Den eksisterande løyvinga til utbygging av breiband i dei aktuelle områda, er no knytt til investeringsbudsjettet for 2021. Sånn sett har kommunestyret vedtatt at dei ynskjer denne utbygginga. Men ei finansiering over investeringsbudsjettet er berre muleg dersom kommunen sjølv bygger ut og eig anlegga. Viss kommunen skal gjere dette, må prosjektet lysast ut på nytt, med dei risiki dette inneberer. Ein risikerer mellom anna å miste Nkom-midlane og / eller kan kommunen verte tvungen til å måtte nytte eit tilbod til ein høgare pris enn det som ligg føre pr. i dag. Eller ein kan risikere å stå utan tilbod. Ja, sjølv med same pris som ligg føre no, vil ein måtte regne med å doble investeringsbeløpet, altså til 8 millionar kroner, då det er dette som er den samla prislappen på utbygginga, etter det tilbodet som ligg føre. Og når det fysiske anlegget er ferdig utbygd, vil kommunen sjølv sagt ikkje kunne drifte dette sjølv, men verte avhengig av å få etablert ein driftsavtale med eit privat selskap i bransjen, i dette tilfellet med Tussa.

Vedtaket i FSK PS 182/20 vert tolka slik at formannskapet ber administrasjonen kome med nytt framlegg til finansiering. Eit framlegg som ikkje medfører at det får konsekvensar for kommunen sitt driftsbudsjett. Det er mykje å be om. Men gjennom alternativa som er skisserte ovanfor, kjem ein likevel svært langt i å avgrense konsekvensane for driftsbudsjettet. Rett nok med ytterlegare press på dei tilsette og dårlegare marginar i drifta.

No kan det jo seiast at og investeringstiltaka belastar kommuneøkonomien i nokon grad, gjennom kapitalkostnader som vert kostnadsførte i driftsrekneskapen. Desse kapitalkostnadane sparer ein i alle fall i begge dei nemnte alternativa ovanfor, dersom kommunen har likviditet til å forskottere det som trengs.

Vidare har ein ved hjelp av interne omstruktureringar, innsparingar og mellombels vakanse i stillingar i ansvar 6500 – Samfunnskantoret, klart å frigjere dei naudsynte driftsmidlane på kr 434 134, samt eventuell MVA, i driftsbudsjettet for 2021. Sjølv om dette i stor grad reduserer sakshandsamingskapasitetet knytt til dette ansvaret spesielt, men og i nokon grad for andre einingar i sektoren, samt aukar presset på medarbeidarane, ynskjer ein likevel å bidra til at den naudsynte breibandsutbygginga kan realiserast.

Kommunedirektøren tilrår difor primært at kommunen inngår avtale med Tussa IKT AS om utbygging av breiband i områda Almestranda, indre del av Snipsøyrdalen, Ulset, Hjørungdal og Hjørungneset etter alternativ 2, som skildra ovanfor.

Kommunedirektøren tilrår sekundært at kommunen inngår avtale med Tussa IKT AS om utbygging av breiband i områda Almestranda, indre del av Snipsøyrdalen, Ulset, Hjørungdal og Hjørungneset etter alternativ 1, som skildra ovanfor.

Kommunedirektøren ber kommunestyret ta kommunedirektøren sine atterhald om godkjenning / revisjon av rekneskapsføringane i begge alternativa, til vitande.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Som skildra i saka

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen kjende

Kariann Bigseth  
Konstituert kommunedirektør

Bent Arild Grytten  
rådgjevar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Gebyr for fyringsanlegg - Hareid kommune 2021

#### Samandrag:

Saka gjeld justering av gebyr for fyringsanlegg, tidlegare kalla feiing og tilsyn med Fyringsanlegg. Det syner seg at dei vedtekne gebyra for 2021 ikkje er korrekte og bør såleis justerast etter vedtak i denne saka.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret gjer om inkje pkt. 2.5 – Feiing og tilsyn i «Betalingssatsar 2021». Nemnte betalingssatsar vart vedtekne i budsjettsaka i kommunestyret i desember 2020 – KST PS 107/20.

Kommunestyret vedtek nytt pkt 2.5 i «Betalingssatsar 2021». Tittelen på det nye punktet skal verte «2.5 Gebyr for fyringsanlegg – 2021»

Kommunestyret vedtek at gebyr for fyringsanlegg i 2021 skal vere dei same som i 2020.

Kr 537,- pr. bygning som har fyringsanlegg

Kr 146,- for ekstra røykkanal/pipeløp

Kr 258,- for gassfyrte fyringsanlegg

Kr 806,- for fyringsanlegg i fritidsbustad

Kr 269,- for plombering av eldstad pr. gong.

Satsane er ekskl. MVA og gjeld frå 01.01.2021

Eventuelt overskot / underskot skal regulerast mot sjølvkostfond.

Lovheimel:

Lov nr. 20 av 14. juni 2002 om brann- og eksplosjonsvern, § 28 og i forskrift om brannførebygging

**Vedlegg:**

Gebyr for fyringsanlegg - Hareid kommune 2020  
Momentum Budsjettnotat - Ulstein kommune 2020

**Saksopplysningar:**

Ved ein inkurie vart det vedtatt feil gebyr for fyringsanlegg i 2021. Desse gebyra, som tidlegare vart kalla feiegebyr, bør difor endrast. Feilen skuldast at det vart lagt fram feil talgrunnlag i budsjettsaka, på dette området.

**Vurdering og konklusjon:**

Som nemnt ovanfor, skriv feilen seg frå eit feilaktig talgrunnlag. Det korrekte vert å vise til vedtak i separat sak i 2020, om gebyr for fyringsanlegg. Dei vedtekne satsane for 2021 bør vere dei same som i 2020. Nemnte politiske sak om gebyr for fyringsanlegg i 2020 leggast difor ved i sin heilskap. Med visning til dette ber kommunedirektøren kommunestyret om å vedta nye gebyr, som bygger på rett talgrunnlag.

Likestillingsmessige sider ved saka: .  
Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa:  
Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:  
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:  
Meir korrekt styring av sjølvkostområdet

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:  
Ingen kjende

Kariann Bigseth  
Konstituert kommunedirektør

Bent Arild Grytten  
rådgjevar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Innkjøp av nye valavlukke og urner (investering)

#### Samandrag:

Valavlukka i Hareid kommune er gamle, mangelfulle og tilfredstillar ikkje krava om universell utforming. Det er derfor naudsynt å kjøpe inn nye til stortingsvalet i haust.

Urnene vi brukar stettar heller ikkje krav til universell utforming.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtar at Hareid kommune skal kjøpe ni nye valavlukke med oppvaringsbagger og ni nye urner til ein totalpris av 120 375 kroner inkludert mva.

## **Vedlegg:**

Uttale frå RFU om innkjøp av nye valavlukke

### **Saksopplysningar:**

Valavlukka til Hareid kommune er gamle. Så gamle at ingen no hugser kor gamle dei er, men eit anslag er over 30 år. Mange av avlukka manglar delar, dei er ustøe og må stripsast og/eller teipast for å kunne brukast. Tilsette brukar også uforholdsmessig mykje tid på å setje opp avlukka på grunn av alle manglane. Det er usikkert kor mange av avlukka som vil tåle eit val til.

Kommunen har berre eitt valavlukke som er berekna til røyslehemma/personar med rullestol, men heller ikkje dette stettar krava i dag til universell utforming. I tillegg var dette valavluaket blant dei mest vaklevorne i 2019-valet.

Administrasjonen ser det derfor som naudsynt å kjøpe inn nye valavlukke. Ved å kjøpe desse samla i staden for eitt her og eitt der, kan vi ta det som ei investering. Innkjøpa vil derfor ikkje belaste drifta i stor grad.

Valdirektoratet har inngått ein rammeavtale for valutstyr som kommunane kan nytte seg av.

[Eit avlukke med oppbevaringsbaggjar kostar om lag 12.000 kroner.](#) I eit vanleg valår er det behov for ni røystebåsar. Fire på rådhuset, to på Bigset og i Hjørungavåg og eitt i Brandal. Totalprisen for dette er 108 500 kroner inklusiv meirverdiavgift.

Det er mogleg å kjøpe valavlukka utan oppbevaringsbaggjar. Dei kostar totalt 8.437 kroner for ni sett. Administrasjonen vurderer det dit at tilpassa baggar vil auke levetida til avlukka betrakteleg. Det vil også vere enklare å transportere avlukka ut til publikum under førehandsrøystinga.

### **Universell utforming**

Det er sterke krav til universell utforming i valgjennomføringa. Diskrimineringslova legg ein aktivitetsplikt på kommunen. Den seier at vi skal «arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme lovens formål». I valhandboka skriv valdirektoratet følgande om temaet:

*«Med universell utforming er meint utforming av produkt eller omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg. Omgrepet «universell utforming» inneheld eit sterkare likestillingskrav enn det som ligg i omgrepet «tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne». Mens ein kan syte for tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne gjennom spesielle løysingar, føreset universell utforming at hovudløysinga skal imøtekomme alle brukarbehov.*

*Ein viktig del av likestillinga for personar med nedsett funksjonsevne er å kunne utøve retten til å delta i val på same grunnlag som andre. (...)*

*Diskriminerings- og tilgjengelova stiller krav til universell utforming av vallokala. § 9 i lova seier mellom anna at «[o]ffentlig og privat virksomhet rettet mot allmennheten har plikt til å sikre universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjon så langt det ikke medfører en uforholdsmessig byrde for virksomheten». Føremålet til diskriminerings- og tilgjengelova er å «[...] sikre like muligheter og rettigheter til*

*samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne». Deltaking i val er ein av dei viktigaste arenaene for samfunnsdeltaking. Det er derfor viktig at kommunane vurderer grundig om vallokala tilfredsstillar krava til universell utforming. Omgjvnader og materiell skal utformast slik at dei kan brukast av menneske i alle aldersgrupper og med ulike ferdigheiter, kapasitet og funksjonsevne. Forhold som gjeld bevegelse, syn, høyrsel, forståing eller følsemd for miljø, er sentrale.»*

Valavlukka er ein del av ein heilheitleg og gjennomtenkt designløyising ([«Blanke ark»](#)) der det er lagt ekstra vekt på universell utforming. Avlukka har bord i to høgder, dei har innebygd LED-lys som gir sterkt og godt leselys i avlukka. Røystesetlane kan nåast også for dei som sit i rullestol då dei ikkje heng på veggjen, men er i liggande kassetar. Plakaten i bakkant, med informasjon om korleis du røystar, har store bokstavar og god lesbarheit.

### **Covid-19**

Koronapandemien vil sannsynligvis prege Noreg – og derfor valgjennomføringa – også i haust. Kommunaldepartementet har bede alle kommunar planlegge for at situasjonen er som no, eller verre. Hovudbodskapen er at valet skal gjennomførast uansett. Det er kommunane sitt ansvar at alle får røyste på ein trygg og god måte.

Eit av dei viktigaste smitteverntiltaka vil vere å hindre kødanning. I 2019-valet innførte vi elektronisk manntal. Dermed blei køen av dei som venta på å få sjekka ID og bli kryssa av i manntalet nærast borte. Derimot var det framleis kø for å få ledige valavlukke.

Ved å nytte dei gamle båsane som framleis fungerer til ekstrabåsar ein siste gong, kan vi utvide kapasiteten her også slik at vi kan redusere denne køen ganske mykje.

### **Urner**

Urnene vi bruker i dag tilfredsstillar heller ikkje krava til universell utforming. Personar med røyrslhemmingar kan få problem med å sjølv legge røystesetelen i urna utan hjelp. Dette strir mot krava om at «*hovudløyisinga skal imøtekomme alle brukarbehov*» (frå valhandboka). Det strir også mot kravet i *The Code of Good Practice in Electoral Matters (artikkel 35)* om at valfunksjonærar ikkje skal røyre røystesetelen:

*«The voter should collect his or her ballot paper and no one else should touch it from that point on.»*

[Nye urner er også ein del av produktserien Blanke ark](#). Dei er utvikla spesielt slik at personar som skjelv på handa eller sit i rullestol sjølv kan legge røystesetelen i urna.

Dersom vi no kjøper nye valavlukke, vil det då vere teneleg å kjøpe urner samtidig sidan vi kan ta innkjøpet som investering i staden for over drift.

Urnene vil også ha same design som valavlukka. Det vil gi valgjennomføringa eit meir profesjonelt preg.

Administrasjonen rår derfor til at vi kjøper inn ni urner á 1312,5 inklusiv mva per stykk. Totalt 11 812,50 kroner.

Dei gamle urnene kan bli nytta som oppbevaringsurner og vil soleis kunne ha ein funksjon vidare.

### **Vurdering og konklusjon:**

Valavlukka til Hareid kommune er modne for utskifting då dei er svært gamle og mangelfulle. Det er usikkert om kor mange som vil halde eit val til. Urnene er i betre stand, men bør skiftast samstundes som valavlukka.

Korkje valavlukka eller urnene vi har i dag tilfredsstillar krava til universell utforming. Offentlege instansar er pliktige til å arbeide aktivt for å tilfredsstillar desse krava. I ein so grunnleggande rettigheit, som det å røyste er, må kommunen gjere sitt ytste for å leggje til rette for at alle kan gjere det utan hjelp.

Nye valavlukke vil vere eit godt smitteverntiltak under koronapandemien då dei gamle valavlukka som det framleis er mogleg å stable på beina, kan bli nytta som ekstraavlukke. Dei vil då vere med på å redusere kø i vallokalet. Det siste er eit av dei viktigaste smitteverntiltaka under valgjennomføringa.

Å kjøpe valavlukke og urner no samla, gjer at vi kan ta det heile som ei investering. Etter momskompensasjon vil rekninga til kommunen bli på 96.300 kroner. Avskrivningstida på utstyret vil vere på 10 år. Dermed vil drifta bli belasta med om lag 10.000 kroner i året. Med rentenivået i dag vil rentekostnadane ikkje vere av betydning.

Likestillingsmessige sider ved saka: *Nye valavlukke og urner vil gjere at Hareid kommune stettar krava til universell utforming i valgjennomføringa.*

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Slik det går fram av saksframlegget.*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Kariann Bigseth  
konstituert kommunedirektør

Erlend Friestad  
valansvarleg



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
14/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
15/21	Formannskapet	17.02.2021

### KS Debatthefte 2021

#### Samandrag:

KS inviterer kvart år kommunane og fylkeskommunane til å gi innspel til dagsaktuelle tema som vert presentert gjennom debatheftet. I år omhandlar heftet spørsmål knytt til kommunesektoren sitt handlingsrom for omstilling, og korleis førebygge og motverke ungt utanforskap. Det er tre spørsmål knytt til kvart hovudtema, og KS ynskjer så konkrete innspel som råd. Kvar trykker skoen mest? – tillegg til økonomi? Innspel frå kommunane vil verte samanstilt av KS Møre og Romsdal før handsaming i fylkesstyret og vidare til sentral handsaming. Debattheftet er ein viktig del av KS sin medlemsdialog. Omtale av og spørsmål om prioriteringar i det føreståande lønnsoppgjeret er i år tatt ut av heftet fordi oppgjeret for 2020 ikkje var endeleg då debatheftet vart ferdigstilt. Det vil bli sendt ut eit eige debattgrunnlag seinare for å sikre forankring av tariffoppgjeret 2021.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet har følgjande innspel til KS debathefte 2021:

1. Kva er det viktigaste kommunane gjer for å lykkast med nødvendig omstilling?

Svar:

- Interkommunalt tenestesamarbeid og samarbeid med næringsliv og

utdanningsinstitusjonar er viktig for å tilpasse seg ei framtid med auka krav og mindre ressursar.

- Som kommune i distriktet må vi legge til rette for næringsverksemd, busetnad og gode oppvekstmiljø som bidreg til å halde oppe folketalet og motverke dei komande utfordringane knytt til demografi.

- Fokus på heiltidskultur
- Kontinuerlig kompetanseheving blant egne tilsette
- Utvikle ein organisasjonskultur med fokus på tverretatleg samarbeid
- Samarbeid med andre kommunar, og fylkeskommunen, der kommunen sjølv ikkje kan levere ønska kvalitet
- Ha nok ressursar i omstillingsprosessen. Tid der vi har moglegheit på å sjå på ulike forslag, involvering av tilsette og ulike grupper (alt etter kva omstillinga gjeld)

2. Er det spesielle statlege verkemiddel – i tillegg til kommuneøkonomi - som kommunen opplever er særleg til hinder for omstillingsarbeidet? I så fall, kva slags?

Svar:

- Kommunane vert detaljstyrte gjennom lovfesta rettar til tenester og bemanningsnormer. Dette bind opp ressursar og er lite fleksibelt. I distriktskommunar vil barnekull og elevtal svinge, og det er vanskeleg å ta ned ressursar frå eit år til det neste.
- Sentraliseringa med oppgåveflytting til dei store byane er svært øydeleggande for distrikta som må bruke ressursar på å kjempe mot nedlegging av tingrett, flytting av jordskifterett, lånekaske og trafikkstasjon. Dette er ressursar som heller kunne vore nytta til innovasjon og omstilling. Her kan også nemnast sentraliseringa av kapital som eit trugsmål mot investeringslyst i distrikta.
- Statlege prosjektmidlar bør alltid vere innretta slik at ein kan nytte eigeninnsats som egenkapital. Vidare bør tilskotsordningane verte meir føreseielege. Då kan vi i større grad beholde, og utvikle, kompetansen vi har opparbeidd gjennom utvikling av prosjekt. Vidare må ikkje krav til dokumentasjon og rapportering bli så arbeidskrevjande at kommuna vel å ikkje satse på slike muligheiter.
- Pålagde omstillingar/endringar som det vert stilt krav om frå statleg hald utan at det ligg med økonomiske verkemiddel (eller i beste fall avgrensa midlar).

3. For å sikre handlingsrom for omstilling, kva bør KS særleg gjere framover for å

ivareta rolla si ovanfor medlemmene?

Svar:

- KS skal ta i vare alle kommunar i heile landet, små som store. Dette er sjølv sagt utfordrande, og ein må finne samlande fellesnemnarar. Demografiutfordringa trugar mange små kommunar med kollaps, noko som også påverkar byar i vekst. Her vil ein vise til NOU: 2020:15, «Det handler om Norge» som peikar på at store fødselsoverskot i distrikta forsynte byane med arbeidskraft, men at fødselsoverskota i distrikta no er forbi. Det krev ein annan distriktpolitikk for å få nettostraumen av folk frå meir til mindre sentrale stork. Sentraliseringa har også negative konsekvensar for byane som må bygge ut infrastruktur og tilbod tilpassa auka folketal
- I enda større grad tilby fellesløysingar som er universelle i alle kommunar. Kommunane bruker i dag store ressursar på å utvikle og vedlikehalde løysingar innan digitalisering, reglement og retningsliner som kan vere universelle. Med eit større fokus på dette kan kommunane frigjere store økonomiske ressursar
- KS må vere frampå å lage gode verkty som vi kan nytte. Dei er «våre» vi betalar

dyrt, men ofte ligg dei bakpå og kjem seint inn – døme personvernforordninga. Alle kommunane sat å gjorde akkurat same jobben, forordninga vart godt kjend og alle viste at den kom.

4. Kva er det viktigaste kommunen gjer for å lukkast med å førebygge og redusere ungt utanforskap?

Svar:

- Ein god barndom varer heile livet, tidleg innsats er difor jobb nummer ein. Vidare er godoversikt og sikringar av overgongar viktig, saman med ekstra innsats der ein veit at utfordringane er.
- Det å førebygge barnefattigdom og godt samarbeid med, og rundt barnefamiliar som har økonomisk stønad frå NAV, er målretta innsats som vil redusere utanforskap.
- Alle kommunale sektorar skal ha eit bevisst forhold til god folkehelse, her under også ungt utanforskap. Folkehelse må verte synleg i alt planarbeid i kommunen.
- Barnehage og skule har kompetente og dedikerte tilsette som legg opplæring inn i trygge rammer.
- Kommunen er ei viktig lærebedrift som tek i mot lærlingar.
- Gjennom prosjektet «Betre tverrfagleg samarbeid – BTS», klarer kommunen raskt å identifisere og iverksette tiltak til barn og unge som har behov for støtte.
- Vidare må kommunen ta eigarskap over partnerrolla i NAV for å sikre lokalt tilpassa tiltak for ungdom som lev i utanforskap.

5. Er det spesielle statlege styringsverkemiddel – i tillegg til kommuneøkonomi - som

kommunen opplever er særleg til hinder for muligheiter til å førebygge og redusere ungt utanforskap? I så fall, kva slags?

Svar:

- Staten har høge krav til effektivisering i kommunal sektor. Dette reduserer muligheita for oppretting av arbeidstreningsplassar, sommarjobb til ungdom og VTA plassar.
- Stramt tidsløp for deltaking i introduksjonsprogram kan gå utover kvalitet på opplæringa og medverke til utanforskap.
- NAV disponerer samfunnet sine viktigaste virkemiddel for å hjelpe menneske som lev i utanforskap. Kommunane bør få sterkare styring over NAV sitt virkemiddelapparat. Når kommunen får mynde til å disponere virkemiddelpakken til NAV, fjernar ein eit topptungt byråkrati som har lang avstand til tenestemottakar. Då vil ein i større grad få individuelt tilpassa løysingar med dertil auka kvalitet i tenestene.

6. For å legge til rette for kommunen sitt arbeid med ungt utanforskap, kva bør KS

særleg gjere framover for å ta i vare rolla si ovanfor medlemmene?

Svar:

- Det må prøvast ut meir praksis på ungdomstrinnet. Elevar bør frå 13 år oppleve å vere på ein arbeidsplass, privat eller kommunal. Det handlar om å

- oppleve meistring, og å sette kunnskap og kompetanse inn i ei framtid.
- Ordninga med OT (oppfølgingstenesta) for unge med rett til vidaregåande opplæring må få nytt fokus. Desse unge som ikkje har kontakt med NAV, og som ikkje har skuleplass, står i fare for å verte varig utanfor arbeidslivet. Dette bør også vere eit aktuelt FoU prosjekt.
  - Kommunane får tilstrekkeleg påverknadsmuligheiter i partnerskapet med NAV. Dette er naudsynt for å sikre lokalt tilpassa tiltak slik at unge i utanforskap får utdanning, og oppfølging, som gjer dei etterspurd i arbeidsmarknaden.
  - Det blir lagt til rette for god informasjonsdeling mellom kommunar når det kjem til oppdatert kunnskap og vellukka prosjekt. Tiltakspakkar må vere lett tilgjengelege og kunne tilpassast slik kommunen finn det tenleg.

**Saksopplysningar:**

Debattheftet er ein viktig del av medlemsdialogen til KS. Ved å løfte fram problemstillingar til drøfting og innspel får KS både forankring av, og ny kunnskap til sitt interessepolitiske arbeid. Med debattheftet 2021 og strategikonferansane vinteren 2021, ber KS om konkrete innspel frå medlemmane om korleis ein best kan omstille for ei ny tid. Kvar trykker skoen mest – i tillegg til behovet for auka økonomiske overføringar.

Tidlegare år har tariffoppgjer hatt ein sentral plass i debatthefta, men ikkje i år då mykje framleis må avklarast. Debattheftet som ligg ved saka er delt i to hovudkapittel, og tre spørsmål knytt til kvart kapittel. Kvar kommune i vårt fylke sender sine innspel til KS Møre og Romsdal innan 24.februar. Samordna tilbakemelding frå Møre og Romsdal vert gitt gjennom vedtak i fylkesstyret.

**Tilstrekkeleg handlingsrom for omstilling?**

Utfordringane med å finansiere det offentlege tenestetilbodet vil auke framover, og med koronapandemien aukar utfordringane ytterlegare. Som ein konsekvens vert behovet for omstilling i norsk samfunns- og arbeidsliv forsterka. Kommunesektoren har i lang tid hatt eit omstillingsbehov, samtidig legg stadig meir komplekse oppgåver press på ressursar – og krev nytenking og innovasjon. Det trengs andre grep enn rein effektivisering, både for å levere fleire og betre tenester med færre ressursar, og for å møte forventningar frå innbyggjarar og næringsliv. Kommunal sektor er på mange områder i førarsetet når det gjeld innovasjon i offentlig sektor, og landstinget la i februar føringar for KS sitt arbeid på digitaliseringsområdet for å sikre samordning og gjennomføringskraft. For å kunne tilby gode og relevante digitale tenester til innbyggjarar, næringsliv og frivillige må det offentlege samarbeide på tvers av fagsektorar og forvaltningsnivå. Dette inneber også endra krav til kompetanse hos leiarar og medarbeidarar. Totalt, vil ei slik betydelig omstilling auke behovet for lokal fridom til å ta initiativ og løyse felles utfordringar. Lokale løysningar kan vere både meir tilpassa individuelle behov, og økonomisk rimelegare enn standardløysningar fastsett av Storting og regjering. Det er brei politisk einigheit om rammestyring som hovudprinsipp for statlig styring av kommunar og fylkeskommunar, men prinsippet vert ikkje alltid etterlevd i praksis. Auka økonomisk rammestyring er erstatta av auka juridisk detaljstyring, og nesten halvparten av ordførarane meiner at lover og nasjonalt fastsette krav hemmar innovasjon. For å kunne oppretthalde eit lokalt handlingsrom til nødvendig omstilling, er det viktig at nye lovkrav og forventningar vert strengt tilpassa dei økonomiske rammene sektoren kan få i tida som kjem.

**Korleis førebygge og motarbeide ungt utanforskap?**

Anslagsvis 120 000 unge mellom 20 og 30 år står utanfor arbeid og skule. Psykiske lidningar er ei viktig årsak til ung uførheit og fråfall frå utdanning- og arbeidsliv. I tillegg veks eit aukande tal barn opp i familie med vedvarande låginntekt. Pandemien har forsterka utfordringane ved at sårbare unge vert sterkare ramma når økonomien og arbeidslivet vert ramma. Dette skapar behov for å tenke nytt for å førebygge ungt utanforskap. Mulegheita til å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og å skape god samhandling i lokalsamfunnet med utgangspunkt i barn og unge sine behov, gjer kommunane godt eigna til å gi tidleg og tverrfagleg innsats. Tidlig innsats i grunnskulen er avgjerande for framtidig deltaking i utdanning og arbeid, og fylkeskommunane

spelar ei nøkkelrolle gjennom ansvaret for vidaregåande opplæring. Innsats knytt til kompetanse og kvalifisering til arbeid er viktig.

For kommunesektoren inneber dette både eit ansvar som arbeidsgjevar ved å tilby unge jobb og kvalifisering, og å skape gode tenester for å hindre fråfall. Her vert det kravd eit koordinert samarbeid mellom utdanningsmynde, AV/velferdstenestene og arbeidslivet. Tilpassa kvalifiseringsløp må utviklast i tråd med arbeidslivet sitt behov. «Partnarskap for radikal innovasjon» er etablert av medlemmene og KS i fellesskap for å løyse kritiske samfunnsutfordringar, og ungt utanforskap er eit prioritert tema. Partnarskapet skal framover sjå på korleis dagens tenesteproduksjon kan og bør verte endra.

Seks spørsmål KS ønsker å belyse

1. Kva er det viktigaste kommunane/fylkeskommunane gjer for å lykkast med nødvendig omstilling?
2. Er det spesielle statlege verkemiddel – i tillegg til kommuneøkonomi - som kommunen/ fylkeskommunen opplever er særleg til hinder for omstillingsarbeidet? I så fall, kva slags?
3. For å sikre handlingsrom for omstilling, kva bør KS særleg gjere framover for å ivareta rolla si ovanfor medlemmene?
4. Kva er det viktigaste kommunen/fylkeskommunen gjer for å lykkes med å førebygge og redusere ungt utanforskap?
5. Er det spesielle statlege styringsverkemiddel – i tillegg til kommuneøkonomi – som kommunen/fylkeskommunen opplever er særleg til hinder for muligheter til å førebygge og redusere ungt utanforskap? I så fall, kva slags?
6. For å legge til rette for kommunen/fylkeskommunen sitt arbeid med ungt utanforskap, kva bør KS særleg gjere framover for å ta i vare rolla si ovanfor medlemmene?

### **Vurdering og konklusjon:**

Kommunedirektøren legg med dette fram problemstillingane i debattheftet til politisk handsaming saman med nokre forslag til innspel.

Likestillingsmessige sider ved saka: Slik det framgår av saka

Miljøkonsekvensar: Slik det framgår av saka

Økonomiske konsekvensar: Ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar: Slik det framgår av saka

Konsekvensar for barn og unge: Slik det framgår av saka

Kariann Bigseth

konstituert kommunedirektør



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
16/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF

#### Samandrag:

Kommunar og helseføretak er etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 14.juni 2011 §6-1 m.fl. pålagt å inngå ein samarbeidsavtale. Formålet er å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga seg i mellom og bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester. For å sikre at avtalen til ein kvar tid er i samsvar med gjeldande rettspraksis, lover og forskrifter, har partane forplikta seg til å foreta ein gjennomgang og ei evaluering anna kvart år ved utgangen av året.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Hareid kommune gir honnør til forhandlingsutvalet for det gode arbeidet og takkar alle som har teke del med gode innspel.
2. Hareid kommune vedtek revidert samarbeidsavtale mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF.

**Vedlegg:**

2020-11-25 - Protokoll Overordna samhandlingsutval

Sak 23-20 - Revidert samarbeidsavtale mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF

Sak 23- Vedlegg 1 - revidert samarbeidsavtale

Sak 23- Vedlegg 2 - Oppsummering etter høyring

**Saksopplysningar:****Formål, bakgrunn og prosess**

Det er gjort fleire evalueringar av avtalen i løpet av 2017. Revisjonen som er gjort no er etter eit klart mandat. Mandatet står i vedlegg 2, som er saksframlegget til overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal. Her finn de også ei god oversikt over kven som har vore med i forhandlingsutvalet. Kommunane på Sunnmøre har vore representert av kommuneadvokat Guri Hasund frå Ålesund og kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol Volda.

I tillegg til mandatet har også [avtalen mellom regjeringa og KS om innføring av helsefelleskap](#) gitt føringar for arbeidet.

Forhandlingane har gått føre seg sidan hausen 2018, delvis fysisk og delvis digitalt. Forhandlingsutvalet har utarbeida revidert hovudavtale og delavtale 1. Delavtale 2-6 har blitt delegert til etablerte fagråd og samhandlingsutval /arbeidsgrupper men er ferdigstilt av forhandlingsutvalet. Både kommunar, helseføretak og brukargruppene har vore representerte.

I løpet av revisjonen er det gjennomført to høyringar med til saman 46 høyringsinnspel. Vi vil bl.a. peike på at innspelet frå kommunane i Sjustjerna om å endre punkt 1,3 som gjaldt eit punkt i forhold til pasientar som treng bistand under opphald på sjukehuset, er endra til at helseføretaket skal i samarbeid med kommunen vurdere behov for følgje. Det er vidare sett ned eit utval som skal jobbe vidare med nye retningslinjer her.

Samarbeidsavtalen er revidert med følgjande hovudjusteringar:

**Avtalestruktur**

I mandat for forhandlingsarbeidet er det vist til at i den grad det er praktisk og hensiktsmessig, bør revisjonsarbeidet leie fram til harmonisering av dei ulike avtalane i helseregionen. Avtalestrukturen i utkast til hovudavtale og reviderte delavtalar er eit resultat av ei slik harmonisering, der delavtalane er redusert frå 15 til 6 delavtalar. For å forenkle ytterlegare har forhandlingsutvalet også sett på språk og fjerna oppattaking og overflødig tekst. Det er lagt inn lenker til lovtekst, forskrifter, rutinar og andre relevante dokument.

I utkast til delavtale 1 «Samarbeid om koordinering av tjenester, samt innleggelse og utskrivning fra sykehus», vil de sjå ein betydeleg forenkla delavtale der seks delavtalar er slått saman til ein delavtale. Revidert delavtale omhandlar både pasientar innan psykisk helse og rus og somatikk. Sjølv om der er språkmessige endringar, har forhandlingsutvalet innarbeida tidlegare avtalefesta vilkår knytt til betalingsplikt utover det som er forskriftsfesta, som tek i vare konklusjonar frå tidlegare tvistesaker. Betalingsplikta knytt til krav om at det er sendt epikrise på utskrivningstidspunktet, omfattar etter revisjonen alle pasientgrupper (også psykisk helsevern). Dette har vore eit viktig krav frå kommunane i forhandlingane.

## **Samarbeidsstruktur – «Helsefellesskap Møre og Romsdal»**

Avtale om helsefellesskap gir eit viktig signal om ønska utviklingsretning for samarbeidsstrukturen. Forhandlingsutvalet har valt å innrette revidert samarbeidsstruktur i tråd med prinsipp om tredelt struktur, men med lokale tilpassingar. Formål er å sikre representasjon i dei ulike samarbeidsutvala og at dei ulike utvala har dei rette oppgåvene/sakene og at dette kjem tydeleg fram i avtalen. Brukarrepresentantar og fastlegar skal vere involvert på alle nivå.

For å sikre openheit, legitimitet og forankring i avgjerdsprosessar, har ein også valt å etablere eit felles samarbeidssekretariat der både kommunane og helseføretaket er representert.

Felles samarbeidssekretariat vil ha ei særleg oppgåve opp mot partnerskapsmøtet og strategisk samarbeidsutval, men vil også ha ein koordinerande funksjon knytt til saksflyt mellom dei ulike samarbeidsutvala i strukturen.

Partnerskapsmøte		
Lokale samarbeidsutval	Strategisk samarbeidsutval	Faglige samarbeidsutval

Figur 1 Helsefellesskap Møre og Romsdal

### **Partnerskapsmøte – nivå 1 i helsefellesskapet**

I avtale om helsefellesskap er det m.a. vist til behov for samordning der kommunar bør kunne stille på vegne av ei gruppe kommunar og at helseføretak som famnar fleire sjukehus, opptre samordna i helsefellesskapet. Forhandlingsutvalet har difor særleg sett på dialogmøtet, der innspel frå høyring viser til behov for justering, både i representasjon, storleik, førebuing og innhald. I samsvar med avtale om helsefellesskap foreslår forhandlingsutvalet å etablere partnerskapsmøtet på overordna nivå, der representantane er oppnemnt frå dei interkommunale politiske råda i fylket og frå helseføretaket. I tillegg er det representasjon frå fastlege og brukar. Samansetninga tek utgangspunkt i at både helseføretaket og kommunane kan samordne seg og representere på vegne av sjukehus og kommunar. For å sikre involvering frå alle kommunane, foreslår forhandlingsutvalet at det i tillegg vert invitert til eit utvida samarbeidsmøte/dialogmøte årleg. Tillitsvalde på fylkesnivå, Statsforvaltaren, Pasient- og brukarombodet, KS og utdanningsinstitusjonane blir invitert til å delta i møtet. For detaljert skildring sjå punkt 5.1 i revidert samarbeidsavtale.

### **Strategisk samarbeidsutval – nivå 2 i helsefellesskapet**

Gjeldande Overordna samhandlingsutval vert justert og erstatta av eit strategisk samarbeidsutval. Formålet til strategisk samarbeidsutval er å handtere saker om utvikling og samarbeid som gjeld heile fylket. For å sikre gjensidig representasjon vil leiar og nestleiar i dei lokale samarbeidsutvala inngå som del av utvalet, i tillegg til brukar- og fastlegerepresentasjon. For detaljert skildring sjå punkt 5.2 i revidert samarbeidsavtale.

### **Lokale samarbeidsutval – nivå 3 i helsefellesskapet**

Forhandlingsutvalet har valt å gå vidare med dei fire lokale samhandlingsutvala, til tross for signal i avtale om helsefellesskap om tredelt struktur. Bakgrunnen er behovet for lokale fellesarenaer rundt det enkelte sjukehus og kommunane i opptaksområdet, med mål om å understøtte lokal oppfølging, iverksetting av tiltak og lokalt forbetningsarbeid. For detaljert oversikt sjå punkt 5.3 i revidert samarbeidsavtale.

### **Faglege samarbeidsutval – nivå 3 i helsefellesskapet**

I gjeldande avtalestruktur har vi partssamansette kliniske utval og fagråd innan fagspesifikke område. Revidert struktur bygg vidare på desse, men det er gjort ein gjennomgang og tilpassing slik at det blir etablert faglege samarbeidsutval knytt til kvar enkelt delavtale.

For delavtale 1, skal arbeidet forvaltast av fleire faglege samarbeidsutval. For detaljert oversikt sjå punkt 5.4 i revidert samarbeidsavtale.

- *Faglig samarbeidsutvalg for koordinering av tjenester, samt innleggelse og utskrivning fra sykehus (delavtale 1)*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for barn og unge (habilitering, somatikk og psykisk helsevern)*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for behandlersamarbeid*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for psykisk helse og ru*
  - *S*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for multisyke, «stormottaker» og palliasjon*
  - *Faglig samarbeidsutvalg for rehabilitering Faglig samarbeidsutvalg for voksenhabilitering*
- *Faglig samarbeidsutvalg for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordningen (delavtale 2)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg (delavtale 3)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for IKT-løsninger og elektronisk samarbeid (delavtale 4)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for samarbeid om helsefremmende og forebyggende helsearbeid (delavtale 5)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for beredskapsplaner (delavtale 6)*
- *Faglig samarbeidsutvalg for akuttmedisinsk kjede (delavtale 6)*

### **Vurdering og konklusjon:**

Formålet med samarbeidsavtalen er å tydeleggjere ansvars- og oppgåvefordelinga og understøtte utvikling av meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar som har behov for helsehjelp frå både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Å gå frå partar til partnerskap er essensielt for å understøtte ei slik utvikling og som må ligge til grunn og gjennomsyre samarbeidet på alle nivå i strukturen, overordna, strategisk og fagleg.

Revisjonsarbeidet har hatt stor interesse, både i kommunane, helseføretaket, brukarar og andre interesseorganisasjonar og det har kome mange og gode innspel med mål om utvikling og forbetring av gjeldande avtaleverk og samarbeidsstruktur.

Det er i revisjonen vore særleg fokus på å tydeleggjere strukturen, hensiktsmessig representasjon, klare mandat og effektiv kommunikasjonsflyt mellom dei ulike samarbeidsfora.

Frå overordna prioritering og forankring må strukturen evne å konkretisere dette i endra praksis som gir verdi for pasientane, brukarane, tilsette og samtidig god ressursbruk. Revisjonen har bidrege til forenkla avtaleverket og ein vidareutvikla samarbeidsstruktur, men den vil ha behov for å prøvast ut, evaluerast og ev. justerast i framtidige reforhandlingsprosessar.

Det vert vist til ei rekke lenker som er vedlagt saksframlegget til overordna samhandlingsutval (vedlegg 2) for dei som vil ha grundigare informasjon.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: Eigen delavtale om helsefremjande og førebyggjande helsearbeid kan betre folkehelsa

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: God samhandling i den akuttmedisinske kjede kan auke beredskapen

Konsekvensar for barn og unge: Eigen delavtale som skal samordne somatikk og psykisk helse

Kariann Bigseth  
konst. kommunedirektør

Helga Bøe  
konst. kommunalsjef



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
17/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Bruk av ekstraordinære midlar til kommunar med særskild høg arbeidsløyse - ny handsaming

#### Samandrag:

Hareid kommune fikk i desember 2020 utbetalt ekstraordinære midlar til kommuner med særskild høg arbeidsløyse for å kompensere lokalt næringsliv mot konsekvensane av covid-19-utbruddet. Hareid formannskap handsama denne saka i møte 18.01.2021. Nye moment i saka gjer at kommunedirektøren fremjer saka til ny realitetshandsaming.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet gjer om inkje vedtak i FSK PS 07/21:

*Nærings- og miljøutvalet får mynde til å tildele disse midlane, kr 590 000,-. Tildelinga skal skje til verksemder med organisasjonsnummer etter reglane i Midlertidig forskrift om tilskot Side 7 av 8 til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbruddet, med unntak § 2 første ledd. Aktørar innan servering og reiseliv kan også søke, og skal vurderast uavhengig av organisasjonsform. Dette for å ivareta intensjonane for tilskotet.*

Kommunestyret vedtar at ekstraordinære midlar til kommunar med særskild høg arbeidsløyse for å kompensere lokalt næringsliv mot konsekvensane av covid-19-utbruddet, skal nyttast som ei direkte pengestøtte til dei føretaka / organisasjonane, som er nemnde nedanfor:

Melshorn Hotell AS:	kr 137 000
Napoli Hareid ENK:	kr 79 000
Sunnmøre Golfklubb FLI:	kr 79 000
Ishavsmuseet Aarvak, Stifting:	kr 108 000
Hareid Pizza & Pub AS:	kr 108 000
Kokken Roll AS:	kr 79 000

Vilkåra for pengestøtta skal akseptast skriftleg før utbetaling kan skje og er følgjande:

- Vilkåra for pengestøtte er at føretaket / organisasjonen er i dagleg drift og at det ikkje ligg føre planar om å legge ned drifta på det tidspunktet ein mottar midlane.
- Vilkåra er vidare at midlane skal nyttast til å kompensere for bortfall av inntekt og omsetning i den daglege drifta i føretaket / organisasjonen.
- Det er eit vilkår at midlane ikkje skal nyttast til utbetaling av ekstraordinær løn, særskilte bonusar eller utbytte.
- Kommunen kan be om utskrift av rekneskapen for 2021, når den ligg føre.

- Dersom midlane er nytta i strid med vilkåra, kan kommunen krevje pengane tilbakebetalt.

**Vedlegg:**

Tilskudd til kommuner med spesielt høy arbeidsledighet (250 mill. totalt)

**Saksopplysninger:**

Hareid kommune vart ved pressemelding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet den 19.12.2020, gjort merksame på at vi var tildelt ekstra midlar til kommunar med sær høg arbeidsløyse. I pressemeldinga vart det av kommunal- og moderniseringsminister Nikolai Astrup uttalt følgande: «*Nå er det opp til kommunene å benytte midlene til beste for lokalt næringsliv som sliter under pandemien.*» Det kjem også fram av pressemeldinga at pengane skal vere eit bidrag til at kommunene kan støtte lokalt næringsliv som er sterkt ramma av omfattande lokale smitteverntiltak.

Næringsminister Iselin Nybø uttalar at kommunene kan «*...kompensere lokalt næringsliv som rammes av pandemien og lokale smittevernstiltak*». Det kjem i tillegg fram av tabell vedlagt pressemeldinga at for Hareid kommune utgjør denne tildelinga kr. 590 000,-.

Midla vart utbetalt til Hareid kommune den 22.12.2020, med henvisning til Stortingsproposisjon 56 S, <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/inntektssystemet-for-kommuner-og-fylkeskommuner/utbetaling-av-rammetilskudd-til-kommuner/terminutbetalinger/id548801/?expand=factbox2826773>

Ut over dette har ikkje Hareid kommune motteke nokon retningslinjer eller informasjon om bruk av midla.

**Vurdering og konklusjon:**

Hareid kommune oppfattar at vi ut frå nemnte pressemelding og det faktum at vi ikkje har motteke nokon retningslinjer, eller andre skriv om bruk av midlane, står rimelig fritt til å disponere desse. Slik sett er det muleg å sjå på dette som frie midlar, der det vert opp til kommunen sjølv om ein vil la midlane gå inn i den ordinære kommunedrifta, eller om ein vil gjere desse midlane tilgjengelege for lokale næringsdrivande.

Førre gong denne saka var oppe gjorde formannskapet vedtak om å legge dei nemnte midlane inn i det ekstraordinære næringsfondet, også kjent som covid-19-midlane, og tildele tilsegn om støtte etter søknad frå næringslivsaktørar. Vidare vedtok formannskapet at midlane skal forvaltast etter dei same forskriftene som covid-19-midlane elles, men med visse unntak. Vedtaket i formannskapet hadde følgjande ordlyd:

*Nærings- og miljøutvalet får mynde til å tildele disse midlane, kr 590 000,-. Tildelinga skal skje til verksemdar med organisasjonsnummer etter reglane i Midlertidig forskrift om tilskot Side 7 av 8 til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbruddet, med unntak § 2 første ledd. Aktørar innan servering og reiseliv kan også søke, og skal vurderast uavhengig av organisasjonsform. Dette for å ivareta intensjonane for tilskotet.*

Det går ikkje heilt klart fram av vedtaket kor vidt dei kr 590 000 skal leggest inn i covid-19-fondet (ekstraordinært næringsfond), eller i eit nytt fond, der desse kr 590 000 skal utgjere kapitalen og at det er dette nyoppretta fondet, som skal forvaltast etter den mellombelse forskrifta knytt til kommunale næringsfond, men med visse tilpassingar i føringar og i forskrift.

Her vil kommunedirektøren gjere merksam på at det kan synast lite hensiktsmessig å handtere eitt og same fond etter ulike regelverk, slik situasjonen må verte oppfatta å bli, dersom desse midlane vart slått saman med dei eksisterande covid-19-midlane. Uansett vert dette ei budsjettsak, som kommunestyret må handsame. Det andre alternativet, med å opprette eit eige fond som skal forvaltast ifølgje formannskapet sitt vedtak, er også

muleg å tenke seg. Men også her må kommunestyret gjere dei naudsynte vedtak og samstundes delegere forvaltningsmynde til Næring- og Miljøutvalet.

Det er i begge høva viktig å vere merksam på at covid-19-midlane, tilliks med dei meir ordinære næringsfondsmidlane, er utviklingsmidlar og ikkje driftsmidlar. Det betyr at det frå desse næringsfonda aldri kan gjevast støtte til ordinær drift, men berre til utviklingsprosjekt der søkjaren sjølv må bidra med ein betydeleg del av prosjektkostnadane, i form av lån eller eigenkapital. Spørsmålet er om dette vert hensiktsmessig i ein situasjon der ein må vente at nokre føretak, i visse bransjer, slit med likviditeten som følgje av covid-19-situasjonen og følgjeleg kan mangle den økonomiske basen ein trass alt treng, når ein skal skaffe låne- og eller eigenkapital til utviklingsprosjekt i eige føretak. Og det er kanskje også rimeleg å tru at mange føretak i desse tider har større trong for støtte i den ordinære drifta enn dei har trong til å arbeide med utviklingsarbeid.

Formannskapet nemner i sitt vedtak av 18. januar at aktørar innan servering og reiseliv kan søke på midlane og at organisasjonsform ikkje skal tilleggast særskilt vekt. Kommunedirektøren vil difor ta dette som signal om at formannskapet ynskjer at det skal takast særskilt omsyn til denne bransjen ved ei eventuell tildeling av midlar. Trass alt rekk ikkje midlane langt, dersom ein legg til grunn ei vid tolking av bransjeomgrepet, med alle dei små og litt større aktørane, som kan seiast å finnast der, eller ha ynskje om å gjere det.

Med tanke på at midlane er avgrensa og at ei søknadsbasert støtteordning på utviklingsmidlar kan verte tidkrevjande og kanskje også lite målretta, så kan ein meir målretta og effektiv måte å gjere dette på vere å foreta ei direkte utbetaling av midlar. Kommunen kan såleis tildele støttemidlane heilt etter eigne vurderingar og eigne kriterie. Og då kan ein til dømes rette denne pengestøtta direkte til aktørar med fast skjenkeløyve i Hareid, sidan dette er ein relativt påliteleg indikator for kven som driv i den aktuelle bransjen. Det er for tida 6 faste skjenkeløyve i kommunen. Ved å nytte nemnte indikator opnar ein og for formannskapet si andre presisering om at denne støtta skal vere uavhengig av organisasjonsform. Blant skjenkeløyveinnehavarane ser vi for utan aksjeselskap også ei stifting, eit FLI og eit ENK. Kommunedirektøren ser det ikkje som tenleg å knytte særre mange vilkår til bruken av eventuell pengestøtte, utover at midlane skal nyttast i den daglege drifta og som ein kompensasjon for eventuelle opplevde og/eller framtidige bortfall av driftsinntekter, som følgje av covid-19-situasjonen. Det er sjølv sagt uråd å gjere eit utval av føretak og ei fordeling av midlar som vert heilt rettferdig. Men det er i alle fall muleg å etablere kriterie som muleggjer ei sjablonaktig fordeling av midlar.

Kommunedirektøren gjer såleis framlegg om å nytte dei aktuelle midlane til ei kompensasjonsordning for føretak med faste skjenkeløyve og som er etablerte i serverings- og / eller utelivsbransjen i Hareid. I tillegg bør andre føretak / organisasjonar med fast skjenkeløyve og som har servering som ei viktig inntektskjelde ved sidan av anna aktivitet, også omfattast av ordninga.

Fordelingsprinsippa kan til dømes baserast på eit fast beløp som er likt for alle føretaka og ein variabel del som er basert på dei sist kjende rekneskapstala, altså for 2019.

Kommunedirektøren gjer framlegg om at følgjande sjablon vert nytta:

Føretak	Driftsinntekt 2019 (heile 1000)	Vekt	Variabelt delbeløp	Fast komponent	Variabel komponent (vekt*faktor)	Samla kompensasjon
Melshorn Hotell AS	3 416	3	29 000	50 000	87 000	137 000

Napoli Hareid ENK	Ikkje oppgitt	1	29 000	50 000	29 000	79 000
Sunnmøre Golfklubb FLI	Ikkje oppgitt	1	29 000	50 000	29 000	79 000
Ishavsmuseet Aarvak Stifting	2 722	2	29 000	50 000	58 000	108 000
Hareid Pizza & Pub AS	2 529	2	29 000	50 000	58 000	108 000
Kokken Roll AS	1 045	1	29 000	50 000	29 000	79 000
		10		300 000	290 000	590 000

Med dette tar ein utgangspunkt i at eventuell støtte skal ha i seg ein fast del og ein variabel del, basert på siste kjende opplysningar om driftsinntekt. For tida er dette knytt til rekneskapsåret 2019. Den samla faste delen av støtten, utgjer om lag halvparten av dei 590 000. Den variable delen av støtten er tenkt fordelt ved at ukjende /ikkje oppgitte driftsinntekter, samt driftsinntekter mindre enn 2 mill. i 2019, gir vektal1. Vidare gir driftsinntekter mellom 2 mill. og 3 mill. vektal 2. Og endeleg gir driftsinntekter over 3 mill. vektal 3. Dette gir 10 stk variable delbeløp, som kan fordelast som vist tabellen ovanfor.

Vilkår for utbetaling av støtte bør vere at føretaket er i dagleg drift og at det ikkje ligg føre planar om avvikinga av drifta på det tidspunkt ein mottar pengestøtte. Vidare at eventuell støtte behandlast som kompensasjon for bortfall i inntekt og omsetning, som følgje av pandemien og såleis bidrar til å styrke driftssituasjonen i føretaket. Midlane må ikkje nyttast til utbetaling av ekstraordinære bonusar, utbytte og liknande. Føretaket må skriftleg godta alle vilkår knytt til pengestøtta, før utbetaling kan skje.

Likestillingsmessige sider ved saka:  
Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa:  
Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:  
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:  
Ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar:  
Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:  
Ingen kjende

Kariann Bigseth  
Konstituert kommunedirektør

Bent Arild Grytten  
rådgjevar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
18/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Arbeidsruta – individuell jobbstøtte (IPS)

#### Samandrag:

Vidareføring av tiltak i eigenregi individuell jobbstøtte (IPS) i Hareid kommune og kommunane på Søre Sunnmøre. Tiltaket er styrt og gjennomført av NAV Hareid–Ulstein-Sande, jamfør kommunestyresak arbeidsruta - IPS 2018. Dette inkluderer Helseføretaket med DPS Volda/Myrvåg og poliklinikk/ACT/ambulantteam, no kalla Søre Sunnmøre IPS.

**IPS individuell jobbstøtte)** er ein del av satsinga på ulike tiltak i høve inkluderingsdugnaden vedteke i Stortinget. Viser også til Stortingsmelding 33 (2015-2016).

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Hareid vedtek å vidareføre IPS-ordninga med dei årlege eigenandelane som er skissert i saka. Eventuelle nye eller auka statlege midlar til støtte for denne ordninga kan på sikt redusere dei kommunale eigenandelane.

Vidareføring av ordninga forutsetter tilsvarande vedtak i dei andre samarbeidskommunane i Søre Sunnmøre IPS.

**Vedlegg:**

Administrativ samarbeidsavtale Søre Sunnmøre IPS  
Fagleg samarbeidsavtale søre Sunnmøre IPS

**Saksopplysningar:**

Framlegg til vedtak i Hareid kommune – eigenandelar 2021 og i åra som kjem når det gjeld arbeidsinkluderande tiltak med fast varig tiltak for Søre Sunnmøre IPS.

Vidareføring av tiltak i eigenregi **individuell jobbstøtte (IPS)** i Hareid kommune og kommunane på Søre Sunnmøre, styrt og gjennomført av NAV Hareid–Ulstein–Sande, jamfør kommunestyresak arbeidsruta -IPS 2018. Dette inkluderer Helseføretaket med DPS Volda/Myrvåg med poliklinikk/ACT/ambulantteam, no kalla Søre Sunnmøre IPS.

**IPS individuell jobbstøtte)** er ein del av satsinga på ulike tiltak i høve inkluderingsdugnaden vedteke i stortinget. Viser også til stortingsmelding 33(2015-2016).

**Åtte prinsipp for Individuell jobbstøtte (IPS)**

1. Målet er ordinær, løna jobb
2. Deltaking på bakgrunn av arbeidssøkjars sitt eige ønske
3. Individuell jobbstøtte er ein integrert del av behandlinga
4. Jobbsøk skjer ut frå deltakaren sine interesser og ferdigheiter
5. Individuelt tilpassa rådgiving om økonomiske ytingar
6. Jobbsøk startar raskt og seinast etter 1 månad
7. Systematisk jobbutvikling ut frå arbeidssøkjars sine preferansar
8. Oppfølginga er ubegrensa i tid og individuelt tilpassa

Totalt er det pr. 20.01.2021 litt over 100 ulike IPS team i Norge. Ca. kvar 3. kommune i Norge er med. Søre Sunnmøre IPS er forankra i helse i kommunene Hareid – Ulstein – Sande - Ørsta – Volda – Herøy – Vanylven og DPS.

**NAV Hareid–Ulstein–Sande er eit framoverlent og innovativt kontor.**

Medarbeidarane leverer veldig gode tenester og er i fylkestoppen i Møre og Romsdal i alle leveringskategoriar. Kontoret er med i fleire prosjekt både lokalt og i landssamanheng for å kunne gi betre tenester til brukarane og auke overgangen til arbeid. Prosjektet «utsiden inn» saman med direktoratet, Inkludering som samskaping som er eit forskingsprosjekt, IPS, utvida oppfølging m.m. Kontoret fekk trivselsprisen i NAV for 2019 i konkurranse mellom alle kontora i Møre og Romsdal. Søre Sunnmøre IPS er også sterkt involvert og leverer blant dei beste i Møre og Romsdal.

Hareid kommune er vertskommune for tiltaket Søre Sunnmøre IPS som starta opp 1. januar 2019 med NAV Hareid-Ulstein-Sande og DPS poliklinikk i Volda. Det vart utvida med kommunane Ørsta og Volda september 2019 og Herøy og Vanylven september 2020 i lag med DPS avdeling Myrvåg. NAV Hareid-Ulstein-Sande har administrativt faglig og personalmessig ansvar.

Pr. 01.06.2020 har alle 7 kommunane og helseføretaket signert administrativ og faglig samarbeidsavtale, ligg vedlagt. Dette har danna grunnlaget for årleg søknad om prosjektmidlar frå helsedirektoratet i 2019 og 2020. Ny søknad våren 2021 for

2021. I tillegg har ein gjennom NAV Møre og Romsdal fått 3 faste stillingar i 2019.

IPS tiltaket er starta opp som prosjektfinansiert med planlagt overgang til fast ordinær drift etter 3 år, frå 2022.

IPS er 100% integrert i tenesta for psykisk helse og rus i kvar kommune og DPS med ACT/ambulant team i helseføretaket Møre og Romsdal. Tilvising skjer ved at jobbsøkjjar og behandlar søker inn. Det er ingen ekskluderingskriteriar.

Søre Sunnmøre IPS har pr. 01.01.2021 9 jobbspesialiststillingar.

Kvar kommune og DPS har ein jobbspesialist som følger opp tilviste jobbsøkjjarar med individuell jobbstøtte og arbeidsrehabiliteringsmetodar. Kvar jobbsøkjjar har ein jobbspesialist, behandlar og NAV-retteiar (økonomisk rettleiing/tiltak) i IPS. Søre Sunnmøre IPS har integrert 3 metodereettleiarar hjå jobbspesialistane med ansvar for kvar sine områder knytt til kommunane for NAV Hareid-Ulstein-Sande, NAV Ørsta-Volda/DPS poliklinikk med avdeling Myrvåg og NAV Herøy-Vanylven.

Antall jobbsøkjjarar i IPS-tiltaket pr.01.01.2021 på heile Søre Sunnmøre er 95 og ca. 42% har kome i arbeid/utdanning. For dei tre oppstartskommunane viser jobbtala seg slik;

I Hareid kommune er til saman 27 tilvist og pr. no er 9 i arbeid med mellom 20 - 100% fast stilling.

I Ulstein kommune er 38 tilvist og pr. no er 18 i arbeid med mellom 20 – 100% stilling.

I Sande kommune er til saman 13 tilvist og pr. no er 6 i arbeid med mellom 30 – 100% arbeid.

Satsinga medfører inkludering i arbeidslivet og fast ordinær varig jobb, inkludert eventuell utdanning, ofte kombinert som vaksenlærling mot fagbrev. Det å kome i arbeid gir mange stor auka livsverdi i tillegg til betre økonomi. Når jobbsøkjjarar på stønad kjem i fast løna arbeid vil bustadkommunane også få skatteinntekter som betrar kommunal økonomi.

For Hareid kommune vart utgifter til økonomisk sosialhjelp i perioda januar-mai 2020 redusert med kr 450.906,- (23,7%) samanlikna med same periode i 2019. Samla sosialhjelpsutgifter som inkluderer Ulstein og Sande vart reduksjonen på kr 844.372,- (13,9%) for same periode. Denne perioda er valt som samanlikningsgrunnlag då det vert vanskeleg å samanlikne resten av året grunna koronasituasjonen. Det er mange faktorar som kan spele inn i dette. Likevel har vi sett ein tydeleg trend i reduksjon i desse utbetalingane sidan prosjektet vart starta. Dette kan forklarast som direkte konsekvensar av at einskilde kjem over i inntektsgivande arbeid, og indirekte ved å ha eit team som gir ein unik inkluderings- og marknadskompetanse som kjem heile kontoret til gode. Organiserinaga av kontoret der alle på tvers av team er deltakarar i eigne marknadsteam, er med på å forsterke effekten ved å ha eit robust team med jobbspesialistar.

På tross av koronasituasjonen er det fleire jobbsøkjjarar i IPS som har kome i

arbeid, også siste vekene som har vore prega av fleire restriksjonar.

Mange arbeidsgivarar ønsker å kunne bidra med tilsetting av personar med «hol i CV». Det viser seg at match mellom jobbønske og arbeidsgivaroppgåver/arbeidsinnhald er med på å skape nye moglegheiter for alle partar.

Økonomiske rammer pr.no IPS:

2020

Prosjektmidlar	kr. 3 000 000
3 statlege IPS stillingar	kr. 2 250 000
Eigenandel kommunane/helseføretak	
Pr. 100% jobbspesialist (6 stillingar)	kr. 236 000

Totalt kr. 6 666 000

Eigenandelar kommunar og helseføretak framover er førespegla til:

2020 kr.236.000,- (ligg i administrativ samarbeidsavtale for 2020)

2021 kr. 400.000,-

2022 kr. 560.000,-

Prosjektmidlar for 2021 blir søkt om i februar med ny tildeling i mai og ein kan ikkje pårekna like mykje som tidlegare. Ein må derfor påregne ein auke i eigenandelen. Eigenandelen for 2021 er berekna til 400.000. Frå 2022 skal tiltaket vere fullfinansiert og eigenandel pr. jobbspesialist i 100% stilling vil ligge på ca. 560.000,-.

Ved ei eventuell styrking over statsbudsjetta, kan eigenandelen som kommunane skal bidra med verte redusert.

### Vurdering og konklusjon:

Stønadar som mellom anna sosialstønad frå kommunane og andre moglege jobbsøkjjarstønadar vil kunne bli redusert. Endring frå økonomisk bistand til ordinære lønsmottakarar vil kunne redusere totalkostnadar for ein person, både kommunale og statlege utgifter etter kvart. Særleg sosialstønad og tiltakspengar, men også helsekroner m.m. Sannsynlege berekningar er at ved to til tre sosialmottakarar pr. år i endra livssituasjon til fast varig lønna arbeid vil ein kunne dekke opp årlege utgifter til ein jobbspesialist. Med dette perspektivet betyr det at eigenandelane til kommunar /helseføretak raskt kan verte innspart, og har stort potensiale til å føre til reduserte kostnader i sum. Kvar jobbspesialist har målsetting om å få minst 9 i jobb kvart år.

Tiltaket har også vist at fleire unge uføre har kome i arbeid og IPS-satsinga vil virke slik at kvar kommune får færre unge uføre. Dette vil også gi innsparingar i høve kommunal økonomi då vi veit at ein arbeidstakar i tillegg til å bidra med skatteinngang også vil ha mindre behov for kommunale tenester.

Fleire kjem seg også ut av fattigdomstilstand. Livsverdien aukar for den einskilde. Dette vil betre oppvekstvilkåra for borna i familien og totalt sett betre levekåra for

familiar som har ein utfordrande økonomi.

Ein har klart å bygge opp eit viktig kompetansemiljø på Søre Sunnmøre og det vil vere svært viktig å ivareta dette. Dette er også eit viktig bidrag inn mot NAV-kontoret og utvikling av stadig betre tenester som vil gi ein større overgang til arbeid. Ved å ha eit robust IPS-team vil ein ha større moglegheiter til å kunne auke også den statlege delen av denne ordninga. Det er viktig for jobbspesialistane som er tilsett prosjektbasert i IPS-tiltaket, at dei får ein forutsigbar situasjon og at vi kan vidareutvikle fagleg arbeid med tanke på god jobbinkludering slik vi har starta. Tiltaket og prosessen vidare bør ha sterkt fokus på faren for å miste verdifull kompetanse som tek tid å bygge opp.

Denne saka må vidare sendast dei andre kommunane på søre Sunnmøre for status og kunne vere rådgivande for vedtak der. Dei andre kommunane er orientert gjennom møte for kommunaldirektørane i 7\*, og helseføretaket er orientert.

Hareid kommune står som ansvarleg for tiltaket individuell jobbstøtte – Søre Sunnmøre IPS, lagt til NAV Hareid-Ulstein-Sande. Tiltaket inneber ei målretta styrking for dei som står lengst unna arbeidslivet og dei med «hol i CV'en». Samfunnsnytta er stor då fleire kjem i fast, varig arbeid og dermed blir sjølvforsørga. Ein vil redusere tilgangen av unge uføre/uføretrygda, betre levevilkåra og auke livskvalitet og helse. Det vil bidra til auka skatteinngang og færre vil ha behov for økonomiske stønadsordningar.

Kariann Bigseth  
Konstituert kommunedirektør

Alexander Måseidvåg  
Leiar NAV Hareid – Ulstein - Sande



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
08/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
19/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Salsløyve av alkoholhaldig drikk gruppe 1 - Coop Nordvest SA

#### Samandrag:

COOP Nordvest SA, org.nr. 942763654, søker om løyve for sal av alkoholhaldig drikk over disk. Dette gjeld drikk som inneheld mellom 2,5 og 4,7% alkohol.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret har vurdert søknad frå COOP Nordvest SA, org.nr. 942763654, dagsett 22.12.2020, og merknadar som er motteke i saka.

1. Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 (lågare alkoholinnhald enn 4,8 volumprosent) for COOP Nordvest SA, Strandgata 78 vert imøtekommen.
2. Som styrar for salsløyve vert Haakon Riise godkjent.  
Som avløyser for styrar for salsløyve vert Grete Elvanes godkjent.
3. Løyveperioda gjeld frå 26.02.2021 til 30.09.2024.

Salstidene for alkohol gruppe 1 vert:

1. Kvardagar mellom 09.00-20.00
2. Laurdag og dagar før heilagdagar 09.00-18.00

#### Vilkår:

1. Løyvehavar er ansvarleg for at alkoholhaldig drikk med alkoholhaldig innhald over 2,50 volumprosent ikkje er tilgjengeleg i butikken ved salstida sin slutt, og skal fysisk dekkjast til.
- Salsstaden skal ha sperre i kassa.
2. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndag og heilagdagar, 1. og 17. mai.
  3. Salsstaden skal levere inn oppgåve for omsett alkohol og betale avgift i forhold til den.
  4. Før løyvedokumentet vert utferdiga og løyve kan takast i bruk, må søkjar sende inn fylgjande dokumentasjon:
- dokumentasjon for godkjent alkoholprøve for styrar og avløyser (er sendt inn)

- skatteattest (er sendt inn)
- firmaattest (er sendt inn)
- 5. Brot på salsføreskriftene/alkohollova vil kunne få fylgjer for salsløyve.
- 6. Rutinar for internkontroll skal leverast til kommunen seinast 1 månad etter at vedtak er gjort.
- 7. Løyvet gjeld for COOP Nordvest SA sine lokalar i Strandgata 78 (sjå vedlegg 2).

Grunngeving: Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 3 og alkoholpolitisk handlingsplan for kommunen.

**Vedlegg:**

Søknad om salsløyve - offentlig versjon  
Teikning Extra Hareid.pdf

**Saksopplysningar:**

Alkohollova sin § 1-4b seier at løyve skal tildelast den "for hvis regning virksomheten drives". Løyve verte gitt den juridiske eining som har den direkte økonomiske interesse i, og ansvaret for salet eller skjenkinga av alkohol. Løyvehavar og andre sentrale personar i verksemda som t.d. eigar, dagleg leiar eller ein som får vesentlege inntekter frå løyvehavaren, må ha utvist uklanderlegandel i høve alkohollova og andre lover som har samanheng med formålet i alkohollova, § 1-7b. I tillegg må desse personar ha ein uklanderlegandel i høve skatte- og avgiftslovgivinga.

Til kvart løyve skal det utpeikast ein styrar og avløyssar for løyvet. Det er tilgang til å søkje om at det vert gått vekk frå krav om avløyssar (strenge krav). For styrar og avløyssar er det etter alkohollova ikkje så strenge vandelskrav som til eigar mfl. Styrar og avløyssar må ha utvist uklanderlegandel i høve til alkohollova og andre lover som har samanheng med alkohollova sitt formål, § 1-7c.

Alkohollova § 1-7a lyder slik:

*"Ved vurdering av om bevilning bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensyn til lokalmiljøet fo røvring. Det kan også legges vekt på om bevilningssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha salgs- og skjenkebevilning.*

Reglane om vandel og retningsliner bidreg til at kommunen har fått eksemplifisert kva omsyn det er relevant å legge vekt på i samband med handsaminga av søknad om løyve. Kommunen har også fått høve til å legge vekt på søkjar eller andre personar er eigna til å drive næring gjennom at det ved vandelsvurdering vert vurdert om løyvehavar og dei impliserte partar tidlegare har overheldt skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga.

Søknadar om nye sals- og skjenkeløyve vert rutinemessig, med bakgrunn i alkohollova, sendt politi, sosialteneste og skatte- og avgiftsmynde til uttale. Etter kvart som beslutningsgrunnlaget vert klart i høve til den einskilde søknad, vert saka sendt til politisk uttale og endeleg vedtak.

Søknaden vert handsama etter reglane i alkohollova, kommunale retningsliner og i tråd med kommunal praksis.

**Søkjar**

Salsstaden sitt namn:	Extra Hareid Adr: Strandgata 78, 6060 Hareid
Søknaden gjeld:	Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1.
Løyvehavar:	COOP Nordvest SA
Styrar:	Haakon Riise, f: 17.08.90
Avløyssar for styrar:	Grete Elvanes, f: 03.12.56

Uttale frå politiet: Ingen merknadar, brev datert 18.01.2021

Uttale frå Skatteetaten: Ingen merknadar, brev datert 15.01.2021

Uttale frå NAV Sosial: Ingen uttale

**Ønskte salstider:** Dei ynskjer sal innanfor kommunen si maksimaltid.

**Kunnskapsprøve:** Styrar og avløyser for denne har bestått kunnskapsprøva om alkohollova.

I alkoholpolitisk handlingsplan heiter det:

### 5.1.3 Salstider

For salsstadar med løyve i varegruppe 1 gjeld desse salstidene:

Kvardagar	kl. 09.00 - kl. 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl. 09.00 - kl. 18.00
Dagen før Krist Himmelfartsdag	kl. 09.00 – kl. 20.00

Det er tillate å selje alkohol på valdagen.

Vara skal vere betalt innan salstida sin slutt.

### 5.1.4 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Salsstadane skal delta på «Ansvarleg sal» ved første moglege kurs. Dette så lenge kommunen tilbyr det. Dette gjeld minimum styrar og vara for styrar. Ved skifte (styrar og vara for styrar) gjeld same vilkåra.
- Rutinar for internkontroll skal leverast til kommunen seinast 1 månad etter at vedtak er gjort.

### Vurdering

COOP Nordvest SA har hatt salsløyve i kommunen i førre periode. Det har i den perioden vorte utført kontrollar utan at det er avdekt avvik.

Det er ingen hefter knytt til vandel ved nokon av dei som er implisert i verksemda.

Søkjar er ein daglegvarebutikk og oppfyller kravet i alkoholpolitisk handlingsplan kap. 5.1.1.

Etter ei samla vurdering av næringsomsyn, edruskapsomsyn og helse- og sosiale omsyn, rår rådmannen til at det vert gitt salsløyve innanfor kommunen si maksimaltid gitt i alkoholpolitisk handlingsplan.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: som skissert i alkoholpolitisk handlingsplan

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

## Konsekvensar for barn og unge: som skissert i alkoholpolitisk handlingsplan

Kariann Bigseth  
konstituert kommunedirektør

Johnny Berge  
sakshandsamar



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
07/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
20/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Flytting av ansvar for barnevern og Nav internt i kommunen

#### Samandrag:

Hareid kommune deltek i interkommunalt samarbeid i 7\* på barnevern, der Volda er vertskommune. For Nav er Hareid kommune vertskommune for Ulstein og Sande. Begge disse interkommunale samarbeida er i dag lagt til Sektor for velferd og dei rapporterer til kommunalsjefen der. På grunn av den omstillinga Sektoren står overfor framover innstiller kommunedirektøren på å flytte ansvaret for barnevernet til Sektor for læring og kultur og Nav til Sentraladministrasjonen.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret gjer slikt vedtak:

1. Ansvar 3200 Barnevern – totalt budsjett 2021 kr. 12 879 780,- flyttast frå 40 Velferd til 20 Læring og kultur.
2. Ansvar 1080 Nav – totalt budsjett 2021 kr. 6 578 067,- flyttast frå 40 Velferd til 10 Sentraladministrasjonen.

## **Saksopplysningar:**

### **Samandrag:**

Hareid kommune deltek i interkommunalt samarbeid i 7\* på barnevern, der Volda er vertskommune. For Nav er Hareid kommune vertskommune for Ulstein og Sande. Begge disse interkommunale samarbeida er i dag lagt til Sektor for velferd og dei rapporterer til kommunalsjefen der.

Grunngjevinga for at ansvaret for disse samarbeida vart lagt til Sektor for velferd var å legge ansvaret der dei i størst grad fagleg høyrer heime og der ein kan få til størst mulige synergjar mot øvrig drift. Det er litt ulik praksis i ulike kommunar i høve kvar barnevernet vert plassert etter ein slik tankegang. Barnevernet jobbar både mot Sektor for velferd (hovudsakleg helsestasjonen) og mot Sektor for læring og kultur (barnehage, skule mv.).

Når det gjeld Nav er deira fagområde i større grad knytt opp mot Sektor for velferd sine fagområder, men dei har også i større grad eit samarbeid med Økonomiavdelinga i Sentraladministrasjonen.

Ansvar 3200 Barnevern – totalt budsjett 2021 – kr. 12 879 780,-

Ansvar 1080 Nav – totalt budsjett 2021 – kr. 6 578 067,-

Foreløpig rekneskap for 2020 viser eit meirforbruk i høve opprinnelig budsjett på kr. 1 880 000,- for barnevernet og på kr. 350 000,- for Nav.

### **Vurdering og konklusjon:**

Både barnevern og Nav er områder der økonomien vert påverka av faktorar som vi ikkje har full kontroll over og det er behov for tettare oppfølging i løpet av året. Særleg når det gjeld barnevernet er dette også eit klart signal administrasjonen har fått frå politisk leiing.

På grunn av sjukefråvær i Sektor for velferd har kommunalsjef for læring og kultur hatt ansvaret for barnevernet frå nyttår 2021 og konstituert/assisterande kommunedirektør for Nav i same periode.

Sektor for velferd har, også når ein ser vekk frå disse ansvara, store økonomiske utfordringar og det er eit ønske frå kommunedirektøren at sektoren i større grad får konsentrere seg om kjerneverksemda si og dei utfordringane som er der. Sektoren står midt i ei stor omstilling som gir lite rom for å følgje opp disse ansvara tettare i tillegg.

Administrasjonen har på bakgrunn av dette vurdert det som hensiktsmessig at flyttinga av ansvara vert varig. Flytting av budsjettmidlar mellom sektorane krev vedtak i kommunestyret.

Det understrekast at den organisatoriske flyttinga i seg sjølv ikkje vil løyse dei økonomiske utfordringane knytt til disse ansvara, og då barnevernet i særstilling, men vi vonar at tettare oppfølging på sikt vil gi gevinstar. Det vil ikkje fylje med nokon andre ressursar ved flyttinga av ansvara.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: *Ingen økonomiske konsekvensar*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Kariann Bigseth

konstituert kommunedirektør



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
06/21	Eldrerådet	08.02.2021
07/21	Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne	08.02.2021
09/21	Levekårsutvalet	10.02.2021
21/21	Formannskapet	17.02.2021
	Kommunestyret	

### Konsekvensutgreiing av vedtak i kommunestyret 10.12.20 - Omgjering av 16 plassar frå institusjon til bukollektiv og reduksjon av 8 plassar på institusjon

#### Samandrag:

Konsekvensutgreiing av vedtak i kommunestyret 10.12.20 - Omgjering av 16 plassar frå institusjon til bukollektiv og reduksjon av 8 plassar på institusjon.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek:

1. 8 institusjonsplassar skal reduserast med verknad frå hausten 2021. Dette skal gjerast på ein slik måte at ingen som i dag har institusjonsplass missar den.
2. 16 institusjonsplassar skal gradvis gjerast om til døgnbemanna bukollektiv/omsorgsbustad. Omgjeringa skal gi heilårseffekt i 2022.
3. Prosess for omgjering av dagsenter for eldre og psykiatri vert starta opp umiddelbart. Avslutning av gjeldande ordning skal skje med verknad frå 01.07.2021.
4. Administrasjonen skal opprette eit prosjekt for å jobbe vidare med gjennomføring av omstillinga med dei tiltaka som er skildra i denne saka, samt syte for realisering av gevinstane.
5. Formannskapet skal jamleg haldast orientert om framdrifta i prosjektet.

**Vedlegg:**

ROS\_Reduksjon av institusjonsplassar

Nedlegging institusjonsplassar

ROS - Omgjering av institusjonsplassar

Rekneark omgjering

Uttale frå tilsette ved dagsenter og fagkoordinator psykiatri

oversikt sjukefråver sektor for velferd 2017 til 2020

Alle spørsmål og innspel i samband med folkemøtet om omstilling på sjukeheimen

Uttale frå RFU om omstillinga på sjukeheimen

**Saksopplysningar:**